



Edle Lomheim kjem inn etter god innsats

Regn og vind er godt innsamlingsvær. Det vart kraftig slege

fast då TV-aksjonen endte med ny rekord for Uskedalen: 38757 kroner! Den gamle rekorden var 35624 og vart notert så lenge sidan som i 2001.

- Og då var det eit spesielt arrangement i hallen. seier rodeleiar Jofrid Eik som berømmar uskedalingane for giverglede. Ho fortel at returskjemaene fortel at rundt 75 prosent av givarane var heime då innsamlarane kom. Litt overraskande var det difor at berre rundt 50 prosent på Korsnes var å treffa heime.



Jofrid Eik rettleiar Gunnbjørg Stensletten Eik før start

Jofrid måtte innkalla ein reserve på ei av dei 14 rutene men opplegget var svært profesjonelt og var også forbeta samanlikna med tidlegare. Til dømes var det laga eit solid kartgrunnlag som ga opplysning om alle husstandane som skulle vitjast.

Det var tydeleg at innsamlarane gjekk med ålvor til oppgåva. Starten gjekk klokka 16 og dei hadde 2 timar å gjera jobben på.

Då dei kom inn frå regnet venta ei hyggeleg overrasking: Rodeleiareren stilte opp med nysteikte skillingsbollar som takk for jobben.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen